



Frank Brunner

Maleri og grafikk
1 - 22. juli 2023

Kunsten må være generøs

Frank Brunner sine bilete vert sett pris på av eit stort publikum. For kunstnaren handlar det om å skape opplevingar som rører ved grunnleggande kjensler. - Eg leitar kontinuerleg etter motiv som er kjensleladd. Det er det eg elskar. Eg spør meg sjølv: Kva får du ut av dette? Kan det glede nokon? Eller gjere at dei ser seg sjølv eller verda på eit anna vis? Eg likar ikkje kunst som er gjerrig. Kunsten må vere generøs, forklarar han.

Frå Høvåg til New York

Det var på Høvåg i Lillesand det heile byrja. Då han var i tenåra vart han introdusert til kunsten av ein ven som teikna og måla. Brunner fatta raskt interesse, og gjennom ungdomen vart kunsten stadig viktigare for han. Dei planlagde økonomistudiane vart bytta ut med ei omfattande skolering i klassisk figurativt måleri. Han starta ved Statens Kunstakademi i Oslo i 1993, og hadde eit gjesteopphold ved Ilja Repin Statsakademi i St. Petersburg før han avslutta studiane ved akademiet 1998. Så gjekk reisa til Yale University i New Haven, USA.

Brunner busette seg i Brooklyn, og gjennom det pulserande kunstlivet i New York vart han godt kjend med samtidskunsten sine mangfaldige uttrykk. Dei tretten åra han budde og arbeida i metropolen har utvilsamt vore avgjerande for hans kunstnariske utvikling. I kunsten kombinerer han det nøysamt planlagde frå det klassisk figurative, med det spontane og frigjorte som pregar samtidskunsten. Resultat er eit særeiget og umiskjenneleg uttrykk som både kritikarar og publikum har trykt til hjarta.

Kritikarost og utselt

I 2000 entra Frank Brunner den norske kunstscenen, med den segnomsuste separatutstillinga på Stenersenmuseet i Oslo. Utstillinga synte ein ung, men likevel mogen kunstnar. Teknisk var han brillant, men bileta vitna om noko meir enn handverksmessig perfeksjonisme. Dei hadde ein lyrisk og poetisk tonalitet. Utstilling vart kritikarost og utselt, og Noreg hadde fått ei ny kunststjerne.


Sidan har det gått slag i slag med utstillingar, salssuksessar og kritikaros, både nasjonalt og internasjonalt. I Noreg har han med anna hatt utstillingar i Henie Onstad Kunstsenter og Haugar Vestfold Kunstmuseum, samt ei rekke utstillingar i det velrenomerte Galleri Haaken i Oslo. Internasjonalt har han hatt fleire utstillingar i New York, Paris, Berlin og Luxembourg.

Augneblinkskjensler

- Eg er fascinert av skjeringspunktet mellom motsetnadene. Mellom det berekna og det impulsive. Det urbane og det rurale. Mellom kultur og natur, forklarar han. Fascinasjon for motsetnaden synet seg tydeleg i hans evne til å veksle mellom det nære og det flyktige, mellom det figurative og det abstrakte. Oppbygginga av bileta gjer at dei talar til betraktaren på fleire plan.

Frank Brunner er kjend for si evne til å fryse augneblinken, gjerne med motiv framstilt i eit drøymeaktig landskap. Ved hjelp av stemningsbærande lys, refleksjonar og skuggar, inviterer Brunner betraktaren inn i eit rom der eigne tankar og minner kan få spele seg ut. Det er noko kjenneleg ved bileta. Som om dei synar noko ein har opplevd, men ikkje kom i hug før ein fekk sjå det att.





Kyst, olje på lerret, 170 x 130 cm



Aften, olje på lerret, 50 x 70 cm




Horisont, olje på etsning, 64 x 92 cm




Bølgen, olje på etsning, 80 x 54 cm



Fyret, olje på etsning, 54 x 80 cm



Seilvind, olje på etsning, 80 x 55 cm



En Gedi, olje på lerret, 130 x 200 cm



Nomaden, olje på lerret, 70 x 90 cm



Gangbro, olje på etsning, 88 x 73 cm



Lysglimt, Olje på etsning, 51 x 70 cm



Sjøglimt, etsning, 41 x 60 cm

Frank Brunner

Født 1971, Høvåg Bor og arbeider i Oslo og Kristiansand

UTDANNELSE:

1993-98 Statens Kunstakademi, Oslo.
1995-96 Ilja Repin Statsakademi, St. Petersburg, Russland.
1998-2000 Yale University, Master of Fine Arts, USA.

SEPARATUTSTILLINGER I UTVAL:

2000 Stenersenmuseet, Oslo.
2001 Galleri Haaken, Oslo.
2003 Galleri Haaken, Oslo.
2005 Galleri Haaken, Oslo.
2005 Cynthia Broan Gallery, New York, USA.
2007 Galleri Haaken, Oslo.
2009 Abaton Part 1, Galerie Zidoun, Paris, Frankrike.
2009 Abaton Part 2, Galleri Haaken, Oslo.
2012 Mirror Matter, Haugar Vestfold Kunstmuseum, Tønsberg.
2012 Mirror Matter, Bomuldfabrikken Kunsthall, Arendal.
2012 Galleri Bl-Z, Kristiansand.
2013 Galleri Haaken, Oslo.
2014 Kunstverket Galleri, Oslo.
2014 Kunstgalleriet, Stavanger.
2015 Nikolines Hus, Kragerø.
2015 Hamsund Galleriet, Tranøy.
2015 Soli Brug, Greåker.
2015 Galleri Bi-z, Kristiansand.
2016 Galleri Haaken, Oslo.
2016 Bærum Kunstforening, Bærum.
2018 Galleri Langegården, Bergen.
2018 Pumphuset Konsthall Sverige.
2019 Khåk Kunsthall, Ålesund.
2019 Galleri G Guddal, Rosendal.
2019 Kunstverket Galleri, Oslo.
2019 Galleri Haaken, Oslo
2020 Gulden Kunstverk, Steinberg.
2021 Galleri Bl-z, Kristiansand.
2021 Galleri Nicoline , Kragerø.
2021 Soli Brug , Greåker.
2022 Galleri D40, Oslo.

GALLERI SYSTOG DALE

Dalevegen 74, 4747 Valle, post@systog-dale.no, + 47 976 65 179
www.systog-dale.no